

HARAM KOMMUNE  
Kontrollutvalet

**MØTEINNKALLING**

21.11.2016

Kopi til: Ordføraren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

**INNKALLING TIL MØTE I HARAM KONTROLLUTVAL**

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag 30.11.2016 kl. 10.00  
på Haram rådhus**

**SAKLISTE:**

- |     |  |
|-----|--|
| Sak | 06/16 - Godkjenning av møtebok frå møte 20.05.2016                     |
| «   | 07/16 - Oppfølging av politiske vedtak                                 |
| «   | 08/16 - Tertialrapport 2. tertial 2016                                 |
| «   | 09/16 - Plan for selskapskontroll i Haram kommune                      |
| «   | 10/16 - Plan for forvaltningsrevisjon i Haram kommune (Med etterhald)  |
| «   | 11/16 - Kontrollutval/sekretariat, revisjon og kommunestrukturreformen |
| «   | 12/16 - Eigenvurdering av uavhengigheit frå revisor<br>Eventuelt       |

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no)

Sigrid Eidsvik  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
HARAM KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 20.05.2016, kl. 10.00

Møtestad: Haram rådhus

Møtet vart leia av Sigrid Eidsvik

Elles til stades: John Alvestad, Elin Grete Vatnehol og Åge Vikestrand

= 4 voterande

Eivind Davik hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste. Det vart meldt inn ei sak under eventuelt.

**SAK 01/16**

**GODJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 1. DESEMBER 2015**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 1. desember 2015 blir godkjent.

**SAK 02/16**

**ÅRSMELDING 2015 – HARAM KOMMUNE**

Innstilling datert 18.05.2016 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2015 for Haram kommune til orientering.

**SAK 03/16**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2015 – HARAM KOMMUNE**

Innstilling datert 18.05.2016 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Haram kommune sin rekneskap for 2015 blir godkjent.

**SAK 04/16**  
**REKNESKAP 2015 – INGEBRIGT DAVIK - HUSET KF**

Innstilling datert 18.05.2016 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Rekneskap 2015 for Ingebrikt Davik-huset KF blir godkjent.

**SAK 05/16**  
**TEMA PÅ NESTE MØTE** (Saka kom opp under eventuelt)

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Rådmannen blir invitert for å orientere om Tenestehuset og oppfølging av politiske vedtak.  
Det blir lagt fram budsjettforslag for kontrollutvalet sine opplæringsbehov i 2017.

Sigrid Eidsvik  
leiar  
(sign.)

John Alvestad  
medlem  
(sign.)

Elin Grete Vatnehol  
medlem  
(sign.)

Åge Vikestrand  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Haram kommune

Dato: 21.11.2016

**SAK 07/16  
OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK**

I sak 05/16 vart det vedteke å invitere rådmannen for å orientere om oppfølging av politiske vedtak. Dette var også tema i sak 11/15. Det blir teke sikte på å få ei slik orientering frå rådmannen i møtet.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Haram kommune

Dato: 21.11.2016

**SAK 08/16  
TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2016**

Som vedlegg følgjer:

- Tertialrapport 2. tertial 2016

Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løvyingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjetttrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Rapporten har ikkje prognosar på rekneskapsresultatet, men viser prosentvis forbruk og inntekt i forhold pr. 1. september.

Det er ønskjeleg med meir informasjon i møtet og det blir derfor ikkje lagt fram tilråding til vedtak.

Harald Rogne  
dagleg leiar



# TERTIALRAPPORT

## 2. TERTIAL 2016



HARAM  
KOMMUNE

**HARAM**  
World-Class Team Builders

## **INNHOLD**

<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
<b>2. STYRINGSKORTET .....</b>	<b>3</b>
BRUKARPERSPEKTIVET .....	3
PERSPEKTIV FOR ØKONOMI OG RESSURSAR.....	5
MEDARBEIDARPERSPEKTIVET .....	9
PERSPEKTIV FOR PROSESS OG FORNYING .....	10
<b>Økonomirapport 2. tertial 2016 .....</b>	<b>13</b>

## **1. INNLEIING**

Tertiarrapporten for 2.tertial vil i hovudsak vere knytt til økonomi. I tillegg vert det kort rapportert om status i forhold til styringskortet. Ein fyldigare rapport vil bli gitt i årsmeldinga.

Dei fleste einingane rapporterer om at ein ligg innanfor ramma, men på einskilde område ser det ut til å kunne gå mot eit overforbruk. Dette gjeld spesielt innanfor barnehagetester og helsetester, men også innanfor Indre omsorgseining, Sosialtenesta og Eigedom og teknisk drift vert det rapportert om mogleg overforbruk. I tillegg ser ansvarsområdet for det politiske ut til å kunne gå ut med eit lite overforbruk i forhold til budsjettet.

Samla sett har ein lågare netto forbruk pr. 2.tertial i 2016 sett i forhold til same periode i 2015, men høgare enn åra før. Forskjellen frå i fjor er i houdsak knytt til inntekter/refusjonar som har kome inn tidlegare på året.

Rådmannen har bedt alle einingar om å unngå kostnadar der dette er mogleg, og ein må vurdere å sette inn ytterlegare tiltak om mogleg.

Kommunen har budsjettert med 17 millionar kroner i avkastning på finansforvaltninga i 2016. Spesielt tidleg på året fekk vi ein verdinedgang, og ved utgangen av 2. tertial hadde vi ein samla nedgang på knapt ein million kroner. Skatteinngangen ligg litt under landsgjennomsnittet.

## **2. STYRINGSKORTET**

### **BRUKARPERSPEKTIVET**

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal levere moderne og brukarretta tenester, i samspel med innbyggjarar / omgivnader. Fokusområde i 2016 er

- Utvikle og bruke kunnskap, ferdigheiter og haldningar knytt til forventningar og endra føresetnader frå omgivnadene / innbyggjarane våre.
- Haram kommune som fleirkulturelt samfunn
- Samordning og system for koordinering av tenester.

Nedanfor har ein tatt inn spesielle utfordringar og/eller ting det har vore arbeidd spesielt med i 2. tertial

#### **Ny nettside:**

Etter planen skulle ny heimeside for kommunen lanserast i løpet av 1. halvår. Dette rakk ein ikkje, men vil bli gjort i siste tertial. I første omgang vil dette omfatte ny layout, litt nye funksjonar og fleire elektroniske skjema knytt til sjølvbetjeningsløysingar. Den nye portalen skal og tilfredsstille krava til universell utforming.

#### **Arbeid med prioriterte satsingsområde:**

Det har vore arbeidd aktivt innanfor fleire av dei prioriterte satsingsområda. Ein kan her nemne

- *Saman for barn og unge (SFBU)*

SFBU er godt i gang med vidareutvikling og implementering av system for tverrfaglege tiltak for barn og unge, herunder også modell for forpliktande samhandling i forhold til psykisk helse barn og unge.

Det er også oppretta dialog på tvers av tenestene i SFBU om samhandling relatert til mottak av einslege mindreårige flyktningar. Seinare er det avklart at kommunen ikkje vil motta slike, og derfor ikkje treng opprette mottak.

Innanfor SFBU arbeider ein kontinuerleg med vidareutvikling og implementering av system for tverrfaglege tiltak for barn og unge, og ein er i ferd med å bygge opp ein eigen ressursbase for eit breitt spekter av tiltak inn mot barn, unge og familie i TBU, både gjennom intern omdisponering av stillingar, men hovudsakleg med ekstern finansiering.

TBU prøvde denne sommaren ut eit opplegg med ferieklubb for barn og unge, finansiert av eksterne midlar etter søknad. Tilbakemeldingar frå barn og foreldre er svært gode, og ein vurderer å videreføre tilbodet neste sommar, evt haustferie og vinterferie, under føresetnad av vidare ekstern finansiering.

Elles har TBU fått på plass heimkonsulent, også eksternt finansiert, og ny organisering av tverrfagleg ressursteam i skulen er under førebuing for utprøving i to skular hausten 2016. Det har så langt ikkje lukkast å få på plass ressursar til tverrfagleg ambulant team, som skal hjelpe barn og unge som treng det på alle deira arenaer, heim, skule og fritid, noko både TBU og Grunnskuletenester ser eit klart behov for.

Prosjektet innan psykisk helse barn og unge held fram som avtalt mellom Haram kommune og Helse Møre og Romsdal. Delprosjektet er forventa avslutta sommaren 2017. Dette prosjektet er også eksternt finansiert.

- *Beredskap.*

Arbeidet med å utrede ny brannordning er oppstarta. ROS analyse er ferdig utarbeidd og presentert. ROS-analysa vil bli lagt til grunn for å sikre at ny brannordning vil vere i samsvar med gjeldande forskrifter og bidra til å redusere risiko for uønska hendingar. Utredinga av ny brannordninga vert utført i samarbeid med Ålesund Brannvesen.

- *Folkehelse.*

Oversikt over folkehelsetilstanden i kommunen er nesten ferdig utarbeidd, og på grunnlag av den vil det i løpet av hausten bli utarbeidd ein handlingsplan for folkehelsearbeidet.

- *Planarbeid.*

Det har vore samarbeid med andre kommunar med sikte på å avklare kva som skal vere felles for fleire kommunar i planstrategiane. Felles mal for planstrategiane er utarbeidd.

Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen er vidareført i perioden.

Arbeidet med å lage vedlikehaldsplan for alle bygg er nær fullført. Tilstandsrapport med tilhøyrande vedlikehaldsplan er tenkt lagt fram seinare i år.

- *Omsorgssenter på Eidet.*

Framdrifta med bygging av nytt omsorgssenter på Eidet går som planlagt.

- *Generelt grunnskuletenester:*

Skuleåret 2016/17 blir det innført ein ekstra time i natur og miljø på mellomtrinnet. Dette fører til at klassene må gå lengre dagar og utvida skuleskyss for barneskulane.

Grunnskulane i Haram har 2 felles utviklingsråde; Vurdering FOR læring og Lesing. Desse tema er oppe på alle rektornettverk og det blir jobba godt innad på skulane.

3 av skulane våre, Søvik, Brattvåg b og Brattvåg u, er med i Læringsmiljøprosjektet som går ut 2016. Prosjektet skal implementerast i alle Haramskulane.

Grunnskuleeininger har stort fokus på minoritetsspråklege elevar og har innført innføringsgrupper på 3 av skulane, Vatne b, Brattvåg b og Brattvåg u.

Endring og kvalitetsheving av spesialundervisninga er det nytta mykje tid på. Frå haust 2016 skal alle grunnskulane i Haram innføre Læringspartnar og kollegaveiledning for å betre og kvalitetssikre tilpassa opplæring for den einskilde elev.

Ungdomsskulane i Haram er i samarbeid med Sandøy og Høgskulen i Volda med på eit statleg finansiert prosjekt kalla «Ungdomstrinnet i utvikling». Fokusområda er lesing og klasseleiing.

Kommunestyret vedtok vår 2016 at grunnskulane i Haram skal verte dysleksivenlege skular. Arbeidet har starta på alle dei kommunale skulane og vi håper at fleirtalet blir sertifiserte i løpet av inneverande skuleår.

- *Generelt barnehagetenester.*

Modulbygget ved Tennfjord barnehage er no godkjent for forlenga drift frå Arbeidstilsynet.

Mange som ønska Tennfjord barnehage ved siste barnehageopptak fekk «avslag» og har takka ja til plass i andre kommunar/ andre barnehagar i Haram kommune. Dette har vore ein trend over fleire år, og er knytt til den store veksten i området.

- *Generelt omsorgstenester.*

Utviklinga innan omsorgstenesta går i retning av at arbeidsmengda i heimebasert omsorg aukar, samtidig som sjukeheimane får därlegare pasientar. Dette er i tråd med nasjonale reformer. For kommunen er det krevjande med tanke på å bygge opp kompetanse og kapasitet.

## PERSPEKTIV FOR ØKONOMI OG RESSURSAR

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal nytte ressursane effektivt. Fokusområde i 2016 er

- Utøve tydeleg og samkørt leiing for å identifisere, skaffe og nytte tilgjengelege ressursar på tvers av sektorar (offentleg, privat og frivillig)
- Vurdering av strukturar/tenestetilbod innanfor område omfatta av kommunestyrevedtak/budsjett

Nedanfor har ein tatt inn spesielle utfordringar og/eller ting det har vore arbeidd spesielt med i 2. tertial

### Ressursar/Samarbeid med andre:

Innanfor dette området har det vore arbeidd både på tvers av einingane og i samarbeid med andre. Ein kan her nemne:

- Statleg læringsmiljøprosjekt som har som mål å betre læringsmiljøet og redusere mobbing i skulen. Prosjektet blir avslutta til nyttår 2016, men skal no implementerast på dei 6 skulane i kommunen som ikkje har vore med i prosjektfasen.
- Statleg satsing på Vurdering for læring (VFL). Ungdomsskulane er no i gong med statleg

satsing på Ungdomstrinn i utvikling. PPT i Haram er ein viktig samarbeidspartnar i begge desse prosjekta.

- KS har gitt økonomisk støtte for å coache 3 VFL-losar og rektorane deira for å kvalitetssikre god implementering av vurdering for læring på desse skulane.
- Grunnskuleeininga har oppretta eit nært samarbeid med dysleksi Norge og har avtalt fleire møtepunkt med skulering av dei tilsette skuleåret 2016/17.
- Haram kommune er ein av 3 kommunar i Noreg som er plukka ut til eit prøveprosjekt i regi av MOT kalla «Skulen som samfunnsbyggar». Her arbeider vi tett saman med MOT og kommunane Orkla og Overhalla.
- Prosjekt om innføring av velferdsteknologi i Haram. Ein har hatt utprøving av GPS i omsorgstenesta. Utprøvinga er gjort i tett samarbeid mellom brukar/pårørande, IKT-avdelinga og pleie- og omsorgstenesta. Erfaringane har så langt vore positive.
- Viktige aktivitetar i TBU er finansiert via eksterne tilskot til spesielle satsingar, og som tidlegare erfarer ein synergier og meirverdi gjennom forpliktande samhandling med eksterne aktørar.

### **Strukturar/tenestetilbod:**

Det er ikkje lagt fram saker for kommunestyret knytt til strukturer/tenestetilbod i andre tertial. Det har likevel vore arbeidd med:

- LEAN-prosjekt knytt til eigedomsforvaltning.
- Førebuing av sak knytt til etablering av ladestasjonar

### **Organisering:**

Det har vore arbeidd med omorganisering knytt til samanslåing av omsorgseiningane, samt avvikling av eining for sosialtenesta. Eige notat knytt til endringane vil bli lagt ved tertialrapporten.

## ØKONOMIRAPPORT

Status på rekneskapen i forhold til budsjett pr. 2. tertial 2016 – Vurdering frå einingane og stab/støtte

### ANSVARSGRUPPE 10 – POLITISK:

Netto forbruk pr. 1. tertial utgjer 73,6 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er ein del høgare enn det normale, noko som til ein viss grad er knytt til arbeidet med kommunereforma. Kommunen har fått tilskot i storleiken 300.000 til dette arbeidet i år. Av desse var 200.000 ikkje tilført ansvarsområdet ved utgangen av 2. tertial. Forbruket vil likevel ligge litt over det normale og kan gi eit mindre overforbruk.

### ANSVARSGRUPPE 11 – DIVERSE OG STAB/STØTTE:

Netto forbruk pr. 1. tertial utgjer 64,4 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er lågare enn normalt noko som i hovudsak skuldast manglande faktura knytt til IKT-drift i andre tertial. Ut over dette er resultatet så langt om lag som venta.

### ANSVARSGRUPPE 13 – TILSKOT KYRKJELEG FELLESRÅD MM.

Netto forbruk pr. 1. tertial utgjer 66,7 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er om lag det same som tidlegare år, og er tilpassa den vedtatte ramma for overføring til fellesrådet.

### ANSVARSGRUPPE 21 – GRUNNSKULETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 61,5 % i forhold til årsbudsjettet.

Vi ligg litt under tilsvarande forbruk i 2015. Noko av forklaringa er at vi har vore tidleg ute med refusjonar frå andre kommunar. Det er også venta auka utgifter hausten 2016 grunna utvida undervisningstid på barnetrinnet og oppstart dysleksivenleg skule.

### ANSVARSGRUPPE 23 - BARNEHAGETENESTER:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 70,5 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er ein del høgare enn tidlegare år.

I forhold til lønsutgifter ligg barnehageeininger på 69,3%. Desse bør ved utgangen av 2. tertial ligge på maksimum 63 %. Bakgrunnen for dette er:

- Ein greier ikkje å halde vikarutgiftene nede på budsjetttnivå. Det ser ut til at der er og har vore ei underbudsjettering.
- Faste lønsutgifter vil variere noko utifrå barnetal og over/under 3 år. F. eks. fekk Haramsøy ein auke av småbarn som ikkje var teke høgde for.
- For Tennfjord barnehage vart det ved ein feil budsjettert med 1,8 årsverk under det ein skulle. Ein har tenkt at dette kunne ein regulere innanfor ramma, men dette kan bli vanskelig å få til slik det ser ut no.

For Søvik barnehage er bemanninga redusert frå hausten p.g.a. lavare barnetal.

Satsen for driftstilskot til private barnehagar var ikkje endeleg vedteken då vi utarbeidde budsjettet, og blei noko høgare enn vi hadde gått utifrå. Vi har også høgare utgifter for refusjon til dei private for tapt inntekt for søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling grunna lav inntekt.

Totalt kan det sjå ut som at ein kan få eit overforbruk på ca. to millionar kroner.

#### **ANSVARSGRUPPE 25 – TILTAKSTENESTER BARN OG UNGE:**

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 54,1 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er ein del lågare enn tidlegare og skuldast høgare inntekter/refusjonar enn budsjettet. Deler av desse er knytt til prosjekt som vil gå over tid, og som det vil vere nødvendig å føre til bunde fond ved rekneskapsavslutninga.

Ein ser at barnevernet ligg an til overforbruk på enkelte postar knytt til løn overtid, reiseutgifter, juridisk bistand og kjøp av tenester knytt til særskrivande saker hittil i år. Tendensen elles er at kostnader til service-og driftsavtalar i forhold til fagtenestene sine IKT-system er generelt høgare enn budsjettet.

#### **ANSVARSGRUPPE 31 – HELSETENESTER:**

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 77,9 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er høgare enn tilsvarende periode tidlegare år.

Fylkestannlegen sa opp leigeavtalen om tannlegekontor i Brattvåg, med verknad frå 18.03.16. Dette medfører ei redusert inntekt på knappe 200.000,- i forhold til forventa i budsjettet.

I legetenesta har ein ei redusert inntekt på om lag 200.000,- samt auka utgifter ein periode tidleg på året.

Butilbodet i psykiatritenesta har ein meirkostnad til løn, då det over ein periode har vore behov for å bruke vikarbyrå for å ha nok sjukepleiedekning. Ein arbeider med å få faste tilsette, for å få god kontinuitet i tenestetilbodet samt betre nytting av dei økonomiske ressursane. Ein prøver å dekke inn meirkostnadane med innsparinger andre stadar i budsjettet., men ein ser at dette er vanskeleg når situasjonen strekker seg over tid. Ein har også auka kostnadar i samband med nye ressurskrevjande oppgåver . Ein reknar med at dette vil utløse ekstra tilskot for ressurskrevjande tilbod, men i overkant av ein million må kommunen dekke sjølv.

#### **ANSVARSGRUPPE 33 – OMSORGSDISTRIKT 1 (YTRE):**

Netto forbruk pr. 1. tertial utgjer 63,5 % i forhold til årsbudsjettet. Dette er om lag same nivå som siste åra.

Høgt sjukefråvær innanfor einskilde område gir meirkostnadar knytt til ekstravakter og sjukevikarar. Haram kommune har eit samarbeid med bedriftshelsetenesta for å arbeide for å få sjukefråværet ned. På øyane har det vore gjennomført temadag med Medi 3, der det har vore fokus på naturlege reaksjonar i ein endringsprosess.

#### **ANSVARSGRUPPE 34 – OMSORGSDISTRIKT 2 (INDRE):**

Netto forbruk pr 2. tertial utgjer 66,1 % i forhold til årsbudsjettet.

Dette er eit høgt forbruk som indikerer at det totalt kan bli eit overforbruk i 2016. Eininga har hatt eit større sjukefråvær enn vanleg dette året. I andre kvartal var fråværet 13,9 % mot 5,9 % andre kvartal 2015. Det har vore problem med å få dekt vaktene i turnus, slik at vi til tider har brukt og fortsatt bruker forskyving og overtid. Dette gjeld også nattevakter i heimebasert omsorg der lønsutgiftene er lagt til indre omsorgseining. For å hjelpe på problemet og for å kunne ha eit forsvarleg tilbod, har vi no for ein periode framover avtale om innleige av arbeidskraft frå byrå.

#### **ANSVARSGRUPPE 35 – SOSIALTENESTER:**

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 77,8 % i forhold til årsbudsjettet.

Forbruket ligg høgt prosentvis, noko det normalt også gjer i forhold til dei andre einingane. Dei

store inntektene gjennom statstilskot til ressurskrevjande brukarar, kjem først ved årsslutt. Kor store desse blir er usikkert, og det vil vere knytt ei viss usikkerheit til det endelege resultatet. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp er aukande, og medverker til at forbruket er høgt.

#### ANSVARSGRUPPE 51 – BYGGESEN, LANDBRUK OG AREALFORVALTNING:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 39,0 % i forhold til årsbudsjettet.

Netto forbruk er noko lågt fordi aktiviteten og dermed gebyrinntektene er størst i sommarhalvåret. Dette er det teke omsyn til i budsjettet og vil etter kvart jamne seg ut. Ein del av utgiftene kjem ikkje inn i rekneskapen før ved årsslutt som til dømes husleige og andre fellesutgifter.

Tal saker etter PBL, ca. 230 – 240 stk., ligg om lag på det same nivået som dei tre føregåande år.

#### ANSVARSGRUPPE 52 – EIGEDOM OG TEKNISK DRIFT:

Netto forbruk pr. 2. tertial utgjer 60,0 % i forhold til årsbudsjettet.

Kostnadene knytt til samarbeidsavtalen med Ålesund brannvesen og opplæring av brannmannskapa er ikkje belasta rekneskapet ved utgangen av 2. tertial. Dette vil gi meirkostnadene som delvis vil bli kompensert gjennom ei seinare budsjettjustering slik formannskapet har vedtatt i sak 88/16.

Gjennom ekstraordinære midlar knytt til vedlikehald er eininga tilført kr 778.000 i 2. tertial. Desse er nytta best mogleg i forhold til formålet til vedlikehaldstiltak som frå før ikkje låg i budsjettet. Eigen rapport om bruken av midlane skal utarbeidast, og samtidig bli innarbeidd som del av årsmeldinga for 2016.

Gebyrinntektene for vatn, avløp, slam, renovasjon og feiring i 2016 er dekkande for kostnadane og ein vil kunne gå ut med null i regneskapet for sjølvkostområda.

#### ANSVARSGRUPPE 53 – KULTUR, FRITID OG MILJØ:

Netto forbruk pr. 1. tertial utgjer 52,4 % i forhold til årsbudsjettet. Dette ser ut til å vere normalt i forhold til tidlegare år, men det varierer ofte i forhold til kva tid kostnadene og inntekter kjem innanfor dette ansvarsområdet.

## MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal ha medarbeidrarar som deltek aktivt i eit utfordrande og tverrfagleg arbeidsmiljø, med rom for læring og utvikling.. Fokusområde i 2016 er

- Utvikle kunnskap, ferdigheter og haldningar blant medarbeidrarar og leiarar, som vil vere støttande i arbeidet med å nå overordna mål.
- Evne og vilje til samhandling. (Samhandlingskapabiliitet)

Nedanfor har ein tatt inn spesielle utfordringar og/eller ting det har vore arbeidd spesielt med i 2. tertial

#### Utviklingssamtalar:

Det skal gjenoførast utviklingssamtalar i alle einingar i løpet av året. Ein del einingar har

gjennomført dette, men ein del står att.

### **Kompetanse:**

Det vert arbeidd med kompetansekartlegging og kompetansebygging innanfor fleire einingar, men ein må rekne med at arbeidet må vidareførast i 2017.

### **Websak:**

Kommunen skal som ledd i digitaliseringssarbeidet ta i bruk funksjonen SvarUt som moggeliggjer utsending av post til sikker digital postkasse. Parallelt skal kommunane i ekommunesamarbeidet gå over til ei ny plattform i saksbehandlingssystemet som er meir integrert med e-post i Microsoft Outlook. Dette arbeidet vert no samordna slik at vidare opplæring ut i organisasjonen først vil skje tidleg i 2017.

## **PERSPEKTIV FOR PROSESS OG FORNYING**

Hovudmålet i styringskortet er at Haram kommune skal vere i kontinuerleg og målretta utvikling, og tydeleg i si rolle som aktør i samfunnsutviklinga Fokusområde i 2015 er

- Fornye og forbetre system, strukturar og prosessar for å kunne yte service og tenester med høg effektivitet og god kvalitet.
- Digitalt førsteval for enklare dagar

Nedanfor har ein tatt inn spesielle utfordringar og/eller ting det har vore arbeidd spesielt med i 2. tertial

### **Interne prosesser:**

Det blir arbeidd med interne prosessar på fleire område. Ein kan her nemne:

- Arbeidet med å utrede ny eigedomsforvaltning er under arbeid. Arbeidet blir utført som «Leanprosjekt» og involverer fleire nøkkelpersoner og brukarar av bygningsmassen. Alle kategorier bygg som skule, utleigebustader og formålsbygg er omfatta av prosjektet. Målet med arbeidet er å bedre drift og vedlikehold av alle bygg, profesjonalisere eigedomsforvaltninga, lage klare grenser for ansvar med omsyn til drift og økonomi.
- Planlegging av det nye omsorgssenteret på Eidet krev mykje ressursar, og mange tilsette er involvert. Samstundes blir det planlagt endring i organiseringa innan omsorgseiningane. Dette er arbeidsprosessar som både er spanande og utfordrande.
- Kontinuerleg arbeid med å dreie over frå spesialundervisning til tilpassa opplæring innanfor grunnskuletenesta.
- Framtidig skulestruktur og ny skule på Eidet er prosessar som er i oppstartfasen og vil krevje mykje tidsbruk framover.

**Flaskehalsar IKT:**

Det har vore arbeidd vidare med å få bort flaskehalsar knytt til IKT. Omsorgstenestene opplyser at nettverket no har blitt meir stabilt. Innanfor grunnskuletenesta skulle nytt system med både hypernett og office 365 vere på plass til skulestart. Dette har likevel ikkje vore på plass slik det skulle, noko som har skapt frustrasjon innanfor tenesta.

**Digitaliseringsstrategi:**

Arbeidet med lokal handlingsplan for oppfølging av digitaliseringsstrategien er starta opp og er tenkt lagt fram for kommunestyret i løpet av året.

**Kvalitetssystemet:**

Arbeidet med implementering av kvalitetssystemet held fram, men er ikkje på plass i heile organisasjonen.



## ØKONOMIRAPPORT PR. 2. TERTIAL 2016

(pr. 31.08.16)

(Tala pr. 2. tertial er ikkje endelege tal ettersom rekneskapen for august ikkje er slutført,  
men lønsutgiftene som utgjer største kostnaden er med.)

**Økonomirapport 2. tertial 2016**

(pr. 31.08)

<b>Generelle inntekter / utgifter - Rekneskapsskjema 1A</b>			
	<b>Rekneskap pr. 2.tertial 2016</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Rekneskap pr. 2.tertial 2015</b>
Skatt på inntekt og formue	-149 275 917,23	-246 300 000	-141 860 506,78
Rammetilskot	-166 554 975,00	-227 100 000	-163 584 540,00
Andre generelle statstilskot			
Komp.invest.			
grunnskule	-112 932,00	-800 000	-115 728,00
Komp.invest.			
omsorg	0,00	-4 200 000	0,00
Statstilskot			
flyktningar	-7 948 500,00	-12 000 000	-7 289 800,00
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>-323 892 324,23</b>	<b>-490 400 000</b>	<b>-312 850 574,78</b>
Renteinntekter bankinnskot	-1 103 480,00	-1 700 000	-3 360 354,07
Renteinntekter formidlingslån	-778 227,39	-1 100 000	-790 318,41
Andre renteinntekter	-35 551,00	-200 000	-90 183,50
Avkastning			
likviditetsplassering	26 016,00	-1 000 000	-574 946,00
Verdiauke finansplassering	961 690,00	-16 000 000	-9 273 427,00
Renteutgifter ordinære lån	16 525 385,83	26 000 000	8 715 502,29
Renteutgifter formidlingslån	781 132,00	1 100 000	463 734,10
Avdrag på lån	0,00	31 400 000	0,00
Motpost avskriviningar (VAR)	0,00	-4 100 000	0,00
Kalkulatorisk rente (VAR)	0,00	-2 500 000	0,00
Avdrag på pensjonsavvik	0,00	4 500 000	0,00
<b>Netto finansinntekter/utgifter</b>	<b>16 376 965,44</b>	<b>36 400 000</b>	<b>-4 909 992,59</b>
Bruk av ubundne avsetninger	0,00	-7 000 000	0,00
Bruk av bundne avsetninger	0,00	-2 826 000	0,00
<b>Netto avsetninger</b>	<b>0,00</b>	<b>-9 826 000</b>	<b>0,00</b>
Overføring til investeringsrekneskapen	0,00	0	0,00
<b>Til fordeling drift (Rekneskapsskjem 1B)</b>	<b>-307 515 358,79</b>	<b>-463 826 000,00</b>	<b>-317 760 567,37</b>

## SKATTEINNGANG OG RAMMETILSKOT

Det er budsjettet med inntekter frå skatt og rammetilskot på 473,4 millionar kroner, i tråd med KS sin prognose. Etter andre tertial utgjer desse inntektene 315,8 millionar, eller 66,7% av budsjettet.

Nye tal frå SSB viser at kommunane pr. 2. tertial har ein vekst i skatteinngang på 8,2% i høve til same periode i fjor. Isolert sett er skatteinngangen i august spesielt høg, 30% høgare enn i fjor. Det meste av veksten i august skuldast at det kom inn meir restskatt enn i fjor. I RNB 2016 vert det anslått ein vekst på årsbasis på 6,4% for kommunane, som er eit oppjustert anslag på i høve til NB 2016. Skatteinngangen på landsbasis for kommunane ligg såleis pr. 2. tertial godt over anslaga i RNB 2016.

Skatteøret vart frå 1. januar 2016 sett opp frå 11,35% til 11,80% for kommunane. Desse endringane begynte å få effekt frå mars månad.

Åtskilt har skatteinngangen for Haram vore slik i 2016 samanlikna med 2015:

Måned	2015	Total 2015	2016	Total 2016	Endring	Endring i %
Januar	30 606 277	30 606 277	31 748 072	31 748 072	1 141 795	3,73 %
Februar	1 951 131	32 557 408	1 134 014	32 882 086	324 678	1,00 %
Mars	37 275 767	69 833 175	38 844 641	71 726 727	1 893 552	2,71 %
April	639 498	70 472 673	451 817	72 178 544	1 705 871	2,42 %
Mai	39 871 546	110 344 219	42 589 623	114 768 167	4 423 948	4,01 %
Juni	2 324 101	112 668 320	1 513 121	116 281 288	3 612 968	3,21 %
Juli	27 351 859	140 020 179	30 771 531	147 052 819	7 032 640	5,02 %
August	1 840 326	141 860 505	2 223 098	149 275 917	7 415 412	5,23 %

Kommunen har ein auka skatteinngang i 2. tertial, og ligg ved utgongen 5,23% høgare enn på same tid i fjor. Dette er likevel godt under veksten som kommunane samla sett har. Prognose for Haram gir ein skatteinngang på noko under snittet på landsbasis. Differansen vil delvis utjamnast som auka rammetilskot.

## ANDRE GENERELLE STATSTILSKOT

Mesteparten av rente- og avdragskompensasjon frå investering i omsorg og skule kjem i desember månad. Husbankrenta gjennom året vil avgjere kva tilskota vert på. Ein må gå ut frå at ein tek imot om lag budsjetterte summar.

Heile momskompensasjonen går no tilbake til investeringsrekneskapen. Dette etter ei gradvis opptrapping på 20% årleg sidan omlegginga i 2009. Reglane for bokføring seier at heile momskompensasjonen på investering skal førast til inntekt i investeringsrekneskapen.

Avskriving og renter frå VAR område er sum som først vert endeleg utrekna ved rekneskapsavslutninga. Ein må gå ut frå at desse summane vert om lag som budsjettert.

## AVDRAG OG RENTER PÅ LÅN

Mesteparten av låna er no utan fast avdrag. Budsjettet sum skal betalast og mesteparten av avdragssummen vert betalt 4. kvartal.

Tertiarrapporten viser berekna påløpne renter i perioden. For 150 millionar kroner er det bunde rente (swap) på 5,480%. Denne vart erstatta i juni 2016 med ein swap på 3,745%.

Vidare ligg 100 millionar kroner til ein swap på 2,855% og 100 millionar til 3,365%. Resten av låna ligg flytande mot Nibor renter i sertifikat og obligasjonsmarkedet. Det er budsjettert med om lag 3,0% renter for 2016. Ved utgangen av 2. tertial ligg 3. mnd. nabor rente på 1,07% utan kredittpåslag og p.t. renta på 1,8%. Det er ikkje venta vesentlig renteoppgang i 2016, og budsjettert netto renteutgifter totalt bør såleis halde.

For nærmare oversikt lån og renter, samt nye låneopptak viser ein til vedlagt gjeldsrapport.

### **VERDI OG AVKASTNING AV MIDLAR PLASSERT I AKSJAR OG OBLIGASJONAR, SAMT AVKASTNING AV MIDLAR PLASSERT I LIKVIDITETSFOND**

Pr. 1/1 2016 var investeringsfondet på kr. 259 097 857. Det er ikkje budsjettert med bruk av fondet i 2016, og det er heller ikkje betalt ut noko pr. 2. tertial frå fondet.

Pr. 1/1 2016 var verdien på midlane plassert i fond hos Carnegie, Pareto, Spb Møre og Forte Fondsforvaltning;

Langsiktige finansielle omløpsmidlar	kr. 268 246 761
Likviditetsplasseringar	<u>kr. 71 960 395</u>
	<b>kr. 340 207 156</b>

Pr. 2.tertial 2016 har verdien på midlande endra seg slik;


Januar månad	verdinedgang	kr 15 014 793
Februar månad	verdinedgang	kr 964 224
Mars månad	verdiauke	kr 3 790 059
April månad	verdiauke	kr 1 730 952
Mai månad	verdiauke	kr 4 808 854
Juni månad	verdinedgang	kr 4 357 667
Juli månad	verdiauke	kr 6 149 743
August månad	verdiauke	kr 2 869 370
Netto verdinedgang pr 2. tertial 2016		<b>kr 987 706</b>

Samla marknadsverdi finansforvalting pr 31/8-16	<b>kr 339 219 450</b>
Herav,	
finansielle omløpsmidlar	kr 267 285 071
likviditetsplasseringar	kr 71 934 379

"Paretorapporten" pr. 31/8 2016 ligg ved denne økonomirapporten.

For 2016 er det budsjettert med 17 millionar kroner i avkastning på finansforvaltninga (inkl. mellomlang likviditet)

Figuren nedanfor viser eit totalbilde av kommunen sin samla gjeld og plasseringar.



OBS! Årets l  neopptak er med (46 mill NOK), men enn   ikke fordelt p   passiva side (st  r pt. som vanlig gjeld. Endelig fordeling skjer ved   rsavslutning). Alle unytta l  nemidlar (inkl.   rets l  neopptak) som st  r p   bankkonto er medrekna under likviditet og bankinnskot p   aktivaside. Unytta l  nemidlar og likviditet utliknar difor kvarandre.

Sj   elles vedlagt gjeldsrapport.

## DRIFTSUTGIFTER OG -INNTEKTER

Nettoutgifter i driftsrekneskapen er etter 2. tertial på 301,2 millionar kroner, 65,3% av det budsjetterte. Tabellen nedanfor viser korleis utgifter og inntekter for kommunen sett under eitt fordeles seg (finansinntekter/-utgifter og inntekter frå skatt og rammetilskot, dvs. ansvar 9000, er ikkje tatt med i tabellen).

### 2. tertial 2016

	Akkumulert rekneskap	Forbruk %	Årsbudsjett
10 Løn, sos.utg.	269 181 464	65,3 %	412 112 000
11/12 Innsatsfaktorar	46 887 216	64,1 %	73 185 000
13 Kjøp av tenester	49 114 575	65,9 %	74 524 000
14 Overføringer	21 141 849	82,1 %	25 765 000
15 Finansutgifter	21 840	0,1 %	23 321 000
<b>Sum utgifter</b>	<b>386 346 944</b>	<b>63,4 %</b>	<b>608 907 000</b>
16 Salsinntekter	44 168 209	57,5 %	76 765 000
17 Refusjonar	40 961 331	79,6 %	51 457 000
18 Overføringer	48 947	108,8 %	45 000
19 Finansinntekter	0	0,0 %	19 610 000
<b>Sum inntekter</b>	<b>85 178 487</b>	<b>57,6 %</b>	<b>147 877 000</b>
<b>Nettoutgifter</b>	<b>301 168 457</b>	<b>65,3 %</b>	<b>461 030 000</b>

Brutto utgifter 2.tertial utgjer 386,3 millionar kroner. Av dette er 69,7% løn og sosiale utgifter (66,2% om ein tek omsyn til sjukelønsrefusjonen).

Utgifter til innsatsfaktorar er kjøp av varer og tenester som går inn som innsatsfaktorar i kommunen sin tenesteproduksjon. Dette gjeld til dømes forbruksmateriell, straum, inventar, forsikring. Kjøp av tenester gjeld utgifter til tenester levert til brukarane frå andre produsentar enn kommunen sjølv. Døme på slike kostnadar er driftstilskot til private barnehagar, opphold i barnevernsinstitusjonar eller kjøp av tenester frå interkommunale føretak.

Inntektene utgjer 85,2 millionar kroner, og ligg på 57,6% av det budsjetterte. Refusjonar og overføringsinntekter er ofte ikkje jamt fordelt gjennom året. Avvik her må difor tolkast med dette i mente.

I tabellane på neste side ser ein utgiftene, inntektene og forbruk i % av årsbudsjett innanfor dei ulike driftseiningane. Tabellane gir same informasjon som Rekneskapsskjema 1B for 2. tertial vil gjere, men i tillegg på hovudkontonivå.

	10 Politisk		
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	2 170 897	2 941 000	73,8 %
11/12	389 437	343 000	113,5 %
13	722 736	954 000	75,8 %
14	214 528	387 000	55,4 %
15	205	0	-
<b>S.utg</b>	<b>3 497 803</b>	<b>4 625 000</b>	<b>75,6 %</b>
16	0	0	-
17	147 396	75 000	196,5 %
18	0	0	-
19	0	0	-
<b>S.innt</b>	<b>147 396</b>	<b>75 000</b>	<b>196,5 %</b>
<b>netto</b>	<b>3 350 407</b>	<b>4 550 000</b>	<b>73,6 %</b>

	11 Stab/støtte		
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	10 488 512	16 459 000	63,7 %
11/12	4 941 355	5 516 000	89,6 %
13	2 129 804	5 676 000	37,5 %
14	956 819	2 316 000	41,3 %
15	1 257	2 400 000	0,1 %
<b>S.utg</b>	<b>18 517 747</b>	<b>32 367 000</b>	<b>57,2 %</b>
16	1 009 856	1 530 000	66,0 %
17	1 185 623	3 087 000	38,4 %
18	0	0	-
19	0	2 400 000	0,0 %
<b>S.innt</b>	<b>2 195 479</b>	<b>7 017 000</b>	<b>31,3 %</b>
<b>netto</b>	<b>16 322 268</b>	<b>25 350 000</b>	<b>64,4 %</b>

	13 Tilskot kyrkjeleg fellesråd m.m.		
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	0	0	-
11/12	0	320 000	0,0 %
13	0	0	-
14	4 336 500	6 180 000	70,2 %
15	0	0	-
<b>S.utg</b>	<b>4 336 500</b>	<b>6 500 000</b>	<b>66,7 %</b>
16	0	0	-
17	0	0	-
18	0	0	-
19	0	0	-
<b>S.innt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-</b>
<b>netto</b>	<b>4 336 500</b>	<b>6 500 000</b>	<b>66,7 %</b>

	21 Grunnskuletenester		
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	67 957 480	103 467 000	65,7 %
11/12	7 987 335	11 941 000	66,9 %
13	2 237 445	3 290 000	68,0 %
14	1 211 006	1 836 000	66,0 %
15	8 518	0	-
<b>S.utg</b>	<b>79 401 784</b>	<b>120 534 000</b>	<b>65,9 %</b>
16	2 222 368	3 484 000	63,8 %
17	10 199 605	8 200 000	124,4 %
18	2 107	0	-
19	0	0	-
<b>S.innt</b>	<b>12 424 080</b>	<b>11 684 000</b>	<b>106,3 %</b>
<b>netto</b>	<b>66 977 704</b>	<b>108 850 000</b>	<b>61,5 %</b>

	23 Barnehagetenester		
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	25 942 756	35 489 000	73,1 %
11/12	1 350 089	2 262 000	59,7 %
13	23 746 684	33 100 000	71,7 %
14	480 655	358 000	134,3 %
15	1 099	816 000	0,1 %
<b>S.utg</b>	<b>51 521 283</b>	<b>72 025 000</b>	<b>71,5 %</b>
16	4 267 282	6 807 000	62,7 %
17	2 635 477	1 152 000	228,8 %
18	8 180	0	-
19	0	816 000	0,0 %
<b>S.innt</b>	<b>6 910 939</b>	<b>8 775 000</b>	<b>78,8 %</b>
<b>netto</b>	<b>44 610 344</b>	<b>63 250 000</b>	<b>70,5 %</b>

	25 Tiltakstenester barn/unge		
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	11 508 292	19 259 000	59,8 %
11/12	1 932 876	4 180 000	46,2 %
13	903 578	1 700 000	53,2 %
14	658 920	535 000	123,2 %
15	684	54 000	1,3 %
<b>S.utg</b>	<b>15 004 350</b>	<b>25 728 000</b>	<b>58,3 %</b>
16	1 200	3 000	40,0 %
17	2 402 299	2 371 000	101,3 %
18	0	0	-
19	0	54 000	0,0 %
<b>S.innt</b>	<b>2 403 499</b>	<b>2 428 000</b>	<b>99,0 %</b>
<b>netto</b>	<b>12 600 851</b>	<b>23 300 000</b>	<b>54,1 %</b>

31 Helsetenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	15 665 471	23 557 000	66,5 %
11/12	3 490 114	4 864 000	71,8 %
13	6 308 741	9 941 000	63,5 %
14	749 697	549 000	136,6 %
15	809	146 000	0,6 %
<b>S.utg</b>	<b>26 214 832</b>	<b>39 057 000</b>	<b>67,1 %</b>
16	732 430	1 337 000	54,8 %
17	4 126 744	9 574 000	43,1 %
18	0	0	-
19	0	746 000	0,0 %
<b>S.innt</b>	<b>4 859 174</b>	<b>11 657 000</b>	<b>41,7 %</b>
<b>netto</b>	<b>21 355 658</b>	<b>27 400 000</b>	<b>77,9 %</b>

33 Omsorgsdistrikt I (ytre)			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	52 333 619	81 164 000	64,5 %
11/12	7 276 362	11 289 000	64,5 %
13	13 930	22 000	0,0 %
14	1 136 700	1 979 000	57,4 %
15	5 030	3 632 000	0,1 %
<b>S.utg</b>	<b>60 765 641</b>	<b>98 086 000</b>	<b>62,0 %</b>
16	8 073 524	13 397 000	60,3 %
17	5 266 300	6 357 000	82,8 %
18	0	0	-
19	17 000	3 632 000	0,5 %
<b>S.innt</b>	<b>13 356 824</b>	<b>23 386 000</b>	<b>57,1 %</b>
<b>netto</b>	<b>47 408 817</b>	<b>74 700 000</b>	<b>63,5 %</b>

34 Omsorgsdistrikt II (indre)			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	32 869 727	49 280 000	66,7 %
11/12	2 530 534	4 444 000	56,9 %
13	0	0	-
14	468 658	905 000	51,8 %
15	784	923 000	0,1 %
<b>S.utg</b>	<b>35 869 703</b>	<b>55 552 000</b>	<b>64,6 %</b>
16	4 617 445	8 579 000	53,8 %
17	2 502 981	2 550 000	98,2 %
18	0	0	-
19	0	923 000	0,0 %
<b>S.innt</b>	<b>7 120 426</b>	<b>12 052 000</b>	<b>59,1 %</b>
<b>netto</b>	<b>28 749 277</b>	<b>43 500 000</b>	<b>66,1 %</b>

35 Sosialtenester			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	26 119 498	39 447 000	66,2 %
11/12	2 063 638	2 666 000	77,4 %
13	3 921 967	5 342 000	73,4 %
14	2 852 061	2 800 000	101,9 %
15	310	385 000	0,1 %
<b>S.utg</b>	<b>34 957 474</b>	<b>50 640 000</b>	<b>69,0 %</b>
16	1 776 163	2 230 000	79,6 %
17	1 784 439	7 650 000	23,3 %
18	21 660	45 000	48,1 %
19	0	385 000	0,0 %
<b>S.innt</b>	<b>3 582 262</b>	<b>10 310 000</b>	<b>34,7 %</b>
<b>netto</b>	<b>31 375 212</b>	<b>40 330 000</b>	<b>77,8 %</b>

51 Byggesak, landbruk og arealforvaltning			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	4 350 821	7 302 000	59,6 %
11/12	680 987	2 037 000	33,4 %
13	0	0	-
14	846 670	1 337 000	63,3 %
15	0	52 000	0,0 %
<b>S.utg</b>	<b>5 878 478</b>	<b>10 728 000</b>	<b>54,8 %</b>
16	2 604 120	4 063 000	64,1 %
17	1 403 937	1 813 000	77,4 %
18	0	0	-
19	0	52 000	0,0 %
<b>S.innt</b>	<b>4 008 057</b>	<b>5 928 000</b>	<b>67,6 %</b>
<b>netto</b>	<b>1 870 421</b>	<b>4 800 000</b>	<b>39,0 %</b>

52 Kommunalteknisk drift og eigedomsforvaltning			
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	15 831 485	27 453 000	57,7 %
11/12	12 177 028	19 903 000	61,2 %
13	9 129 391	14 442 000	63,2 %
14	1 846 171	2 260 000	81,7 %
15	3 143	11 843 000	0,0 %
<b>S.utg</b>	<b>38 987 218</b>	<b>75 901 000</b>	<b>51,4 %</b>
16	18 524 908	34 662 000	53,4 %
17	4 443 528	7 007 000	63,4 %
18	0	0	-
19	0	7 532 000	0,0 %
<b>S.innt</b>	<b>22 968 436</b>	<b>49 201 000</b>	<b>46,7 %</b>
<b>netto</b>	<b>16 018 782</b>	<b>26 700 000</b>	<b>60,0 %</b>

	53 Kultur, fritid og miljø		
	Reknesk.	Budsj.	Forbr.
10	3 942 905	6 294 000	62,6 %
11/12	2 022 407	3 420 000	59,1 %
13	0	57 000	0,0 %
14	5 411 720	4 323 000	125,2 %
15	0	3 070 000	0,0 %
<b>S.utg</b>	<b>11 377 032</b>	<b>17 164 000</b>	<b>66,3 %</b>
16	338 913	673 000	50,4 %
17	4 856 291	1 621 000	299,6 %
18	0	0	-
19	0	3 070 000	0,0 %
<b>S.innt</b>	<b>5 195 204</b>	<b>5 364 000</b>	<b>96,9 %</b>
<b>netto</b>	<b>6 181 828</b>	<b>11 800 000</b>	<b>52,4 %</b>

Ettersom lønskostnadane utgjer nesten 70% av totalkostnaden vil avvik her gjere størst utslag. Etter 2.tertial bør ikkje lønskostnadane overstige 63% av det budsjetterte (65% for omsorgseiningane). Totalt for kommunen er forbruket 65,3% av budsjetterte lønskostnader. Korrigert for sjukelønsrefusjon vert forbruket 63,5%.

Tek ein omsyn til sjukelønsrefusjon vert forbruk av løn innan dei ulike einingane slik:

10 Politisk	73,8%
11 Stab/støtte	62,9%
21 Grunnskuletenester	63,0%
23 Barnehagetenester	69,3%
25 Tiltakstenester barn/unge	56,4%
31 Helseteneste	62,6%
33 Omsorgsdistrikt I	62,9%
34 Omsorgsdistrikt II	64,7%
35 Sosialtenester	65,2%
51 Byggesak, lanbruk og arealforvaltning	61,2%
52 Kommunalteknisk drift og eigedommsforvalting	58,5%
<b>53 Kultur, fritid og miljø</b>	<b>63,1%</b>

Halvparten av einingane ligg innanfor den ovannemnte marginen, medan resten ligg i høgste laget. Dette vert kommentert nærmare i første delen av tertialrapporten.

## **DRIFTSSITUASJONEN ELLES**

Sett under eitt er totalsituasjonen for driftseiningane pr. 2. tertial slik:

Sum utgifter	63,4%
Sum inntekter	57,6%
Sum netto	65,3%

## **INVESTERINGSREKNESKAPEN**

Dei største budsjett summane til investering i 2016 er følgjande:

	<b>Rekneskap pr. 31/8-16</b>	<b>Budsjett 2016</b>
Vatne sjukeheim - nybygg	50 424 870	125 000 000
Veg – vedlikehald, byggetenester	2 216 727	21 800 000
Avlaup – vedlikehald, byggetenester	1 033 857	9 000 000
Rådmann – strategiske grunnerverv	0	8 000 000
Vaktmesterar – vedlikehald, byggetenester	4 013 958	7 000 000
Skule Tønnfjord/Vatne - grunnerverv	0	7 000 000
Vatn – vedlikehald, byggetenester	111 624	4 000 000
IT - inventar, utstyr, nybygg, renov.	1 655 159	2 000 000
Brannvern– ny brannbil	1 978 350	2 000 000

## **KONKLUSJON**

Dei fleste einingane ligg stort sett i rute etter 2. tertial, men nokre i det høgste laget. Ein viser her til einingsleiarane sine kommentarar i første del av tertialrapporten. På finansieringssida har det vore skatteinngang noko under landsgjennomsnittet som venta, og ei dårleg utvikling i marknadsverdi på finansplasseringa i høve til budsjettet. Einingane må framleis styre etter gjevne budsjettrammer.



# HARAM

World-Class Team Builders



HARAM  
KOMMUNE

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Haram kommune

Dato: 21.11.2016

**SAK 09/16  
PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL I HARAM KOMMUNE**

**OM SELSKAPSKONTROLL**

Det første underbegrepet innan selskapskontroll er ”eigarskapskontroll”. Det er definert i kontrollutvalsforskrifta § 14 første ledd andre leddsetning: ”... *kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper gjør dette i samsvar med kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger (eierskapskontroll).*” Denne kontrollforma er ikkje djuptgåande og gjeld eigentleg ikkje selskapet, men derimot utøvinga av eigarstyringa. Denne oppgåva kan gjerast av kontrollutvalsekretariatet eller revisjonen.

Det andre underomgrepet er ”forvaltningsrevisjon av selskap”. Det er omtalt i kontrollutvalforskrifta § 14 andre ledd. Dette er ein djuptgående kontroll av selskapet og ettersom denne er definert som revisjon, kan den berre utførast av revisjonen. Forskrifta viser her til definisjonen av forvaltningsrevisjon i revisjonsforskrifta § 7.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon kan seiast å markere to ytterpunkt i selskapskontrollen, på den eine sida kontroll av utøvinga av eigarstyringa, på den andre kontroll av måloppnåing, ressursbruk og liknande i selskapet. Mellom desse ytterpunktene kan det ligge kontollar av selskap som kombinerer element frå dei to kontrollformene.

**1.1 KONTROLL SOM SELSKAPSORGANA SJØLVE ER ANSVARLEGE FOR**

Rekneskapertil aksjeselskap og interkommunale selskap blir revidert av selskapa sin revisor. Her ligg det ein vesentleg kontroll. Revisjonsmeldinga er retta til generalforsamlinga, der representantane for eigarane sit. Andre element i kontrollen internt i selskapet vil vere internkontrollen til dagleg leiar, kontrollen til styret og ein eventuell internrevisjon.

## **1.2 KVA ER SELSKAPSKONTROLL**

I tillegg til den kontrollen som selskapa sjølve driv, er kommunane pålagt å drive kontroll overfor selskapa sine. Selskapskontroll går ut på å vurdere i kva grad kommunen si eigarstyring og verksemda i selskapa er i tråd med vedtekten til selskapet og med vedtaka og føresetnadene til kommunestyret.

Selskapskontroll er ei obligatorisk oppgåve for kontrollutvalet, jf. kommunelova § 77 nr. 5: *"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m."* Ein reiskap i selskapskontrollen er det vide innsynet som kommunelova § 80 gir for kontrollutvalet og revisor i kommunalt eigde selskap.

Selskapskontrollen er ei lovfesta kontrollform som samspelar med eigarstyringa elles. Kontrollutvalet har gjennom selskapskontrollen ei sentral rolle overfor kommunen sine aktivitetar som eigar. Utanom selskapskontrollen er eigarrolla i liten grad regulert i lov eller forskrift. Det er derfor opp til kommunane og kommunesektoren sjølv å finne fram til gode måtar å handtere eigarskapen på.

Hovudbegrepet er selskapskontroll, og det dreier seg altså om kontroll med forvaltninga av dei interessene kommunen har i selskap. Definisjonen er den same som i staten, jf. lov om Riksrevisjonen § 9 andre ledd. Selskapskontroll kan romme ulike kontrollar.

Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon er i utgangspunktet kontrollformer som kan nyttast overfor alle selskap kommunen er medeigar i. Innsynsretten etter kommunelova § 80 er avgrensa til interkommunale selskap og aksjeselskap som er fullt ut eigd av kommunar og fylkeskommunar. I den grad innsyn er nødvendig for å gjennomføre eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon, til dømes om ein treng informasjon som ikkje er tilgjengeleg i offentlege kjelder, vil ein måtte avgrense kontrollen til selskap som fullt ut er eigd av kommunar og fylkeskommunar. Kommunelova § 80 gir kommunane innsyn i selskap, men heimlar ikkje i seg sjølv kontroll.

Kontrollutvala har vide fullmakter til å kontrollere selskap som kommunen eig. Reglane om selskapskontroll kom i 2004, og dette er dermed framleis ei relativ ung kontrollform. Selskapskontrollen er obligatorisk ved at kontrollutvalet skal sjå til at slik kontroll blir gjennomført og lage ein plan. Det er likevel valfritt om selskapskontrollen skal omfatte forvaltningsrevisjon.

## **1.3 ORGANISERING SOM RISIKOFAKTOR**

KS har henta inn *Kommunal selskapsstatistikk* i 2009 (Telemarkforsking), som viser at kommunane og fylkeskommunane eig 2600 selskap. Om lag 75 prosent av dei er aksjeselskap. Selskapa har ei omsetning på om lag 100 milliardar kroner. Verdiane dei forvaltar er vanskelegare å anslå, men *Kommunal selskapsstatistikk* ser for seg om lag 300 milliardar kroner. Selskapa har over 50 000 tilsette.

Kontroldimensjonen bør bli vurdert når kommunen organiserer verksemda si. Generelt bør kommunestyra vere merksame på fordelane og ulempene med dei ulike organisasjonsformene kommunane kan velje blant. Dersom kommunen vurderer å stifte eit kommunalt føretak, bør

kommunestyret vere merksam på at verksemda i føretaket etter gjeldande reglar ikkje er omfatta av internkontrollansvaret til administrasjonssjefen sjølv om føretaket er ein del av kommunen. Dersom kommunen vurderer å lage ei stifting, bør kommunestyret vere merksam på at kommunen ikkje eig stiftinga og kan ikkje endre føremålet med stiftinga og har ikkje innsynsrett i stiftinga etter kommunelova § 80.

Samansettinga av styret er viktig i kontrollsamanheng. Endringane i habilitetsreglane frå november 2011 er meint å skape auka rolleklarleik. Endringane går ut på at leiarar og styremedlem i kommunalt eigde selskap blir inhabile når selskapet er part i ei sak som blir behandla i kommunen, sjå nærmare om dette i Ot.prp. nr. 50 (2008-2009).

## **1.4 EIGARKAPEN MÅ HA EIT FØREMÅL**

Det er ein føresetnad for god kontroll med kommunalt eigde selskap at kommunestyret veit kvifor kommunen eig selskapet. Her er mange kommunar på god veg, mellom anna gjennom tilrådingane frå KS Eigarforum. Av Ot. Prop. Nr. 70 (2002-2003) går mellom anna følgjande fram:

*For kommunestyret som øverste ansvarlige organ i kommunen vil det også være viktig hele tiden å vurdere om de organisasjonsformer som kommunen har valgt for sin virksomhet, er egnet til å fremme de mål og verdier for kommunens virksomhet som kommunestyret mener er viktige.*

Dersom kommunen vel å etablere eit føretak eller eit selskap, må det definerast eit føremål med eigarskapen – både for at selskapa skal kunne skape resultat for innbyggjarane, for at kommunestyra kan drive god eigarstyring, og for at kontrollutvalet skal kunne drive tenleg og naudsynt kontroll. For å halde tritt med utviklinga i selskapa og omgivnadene deira bør kommunestyret behandle eigarskapsmeldingar og strategiar for alle selskap og føretak minst ein gong i kvar periode.

## **1.5 SAMORDNING AV KONTROLLEN I SELSKAP MED FLEIRE KOMMUNAR SOM EIGRARAR**

I kommunesektoren er det vanleg med interkommunalt samarbeid gjennom selskap som kommunane eig saman. Interkommunale selskap er ei selskapsform som er utforma særskilt for slik verksemd som kommunane samarbeider om, men aksjeselskap som er eigd av fleire kommunar, er også vanleg.

Reglane for selskapskontroll gir kvar eigarkommune store muligheter til å føre kontroll, men har ikkje føresegner om samordning av felles kontrollaktivitetar. I og med at selskapskontroll er krevjande, også økonomisk, kan fråver av samordning bli fråver av kontroll. Dette gjeld særleg for selskapskontroll med forvaltningsrevisjon, som krev fleire timer enn annan selskapskontroll. Fråver av samordning av kontroll av selskapet kan òg innebere sløsing med ressursar dersom dei same tilhøva nyleg er kontrollerte i ein annan selskapskontroll. Det bør vere ein dialog om korleis ein skal drive selskapskontrollen med selskap der fleire kommunar er eigrarar. Dette bør vere eit tema allereie når slike selskap blir stifta. Ei løysing er at vedtekten for selskapet seier kven av eigarkommunane som skal

ha eit overorda ansvar for å samordne selskapskontrollen gjennom kontrollutvalet sitt. Ei anna løysing er å skrive inn samordning i ein selskapsavtale mellom dei deltagande kommunane. Dette vil sjølv sagt ikkje avgrense dei moglegheitene som dei andre eigarkommunane har til å drive selskapskontroll, men det kan gjere det tydeleg kven som har ansvaret for å ta initiativ til å setje i gang selskapskontroll. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpande tilsyn med verksemda i (verts)kommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret, oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegerte frå andre kommunar. Formelt ville derfor myndigheita til kontrollutvalet vere tilsvarende avgrensa, sidan det får myndet si frå kommunestyret.

Kontrollutvala bør få den informasjonen om selskapa som dei treng for å planleggje selskapskontrollen. Sekretariata har eit ansvar her. Kommunestyret kan etter kommunelova § 80 andre ledd fastsetje føresegner om kva dokument selskapa skal sende til kontrollutvalet og revisor. Det er òg viktig at selskapa sjølve følgjer regelen i kommunelova § 80 tredje ledd:

*"Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ."*

## **1.6 SELSKAP MED BÅDE KOMMUNALE OG PRIVATE EIGARAR**

Selskap der det også er private eigarar med, skaper større utfordringar i eit kontrollperspektiv fordi kommunen ikkje har same retten til innsyn som elles. Det vil vere opp til kommunane å syte for at kontrollfunksjonen blir sikra under etableringa av slike selskap.

Kommunane bør utforme gode eigarstrategiar før dei deltek i selskap der private er medeigarar. Kommunen bør vidare vurdere å krevje innsyn slik at kontrollutvalet kan gjennomføre selskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskapet ut frå kommunen sine interesser.

## **1.7 KONTROLL MED VERTSKOMMUNESAMARBEID**

Ansvarsområdet til kontrollutvalet vil i utgangspunktet ikkje bli endra når kommunen blir med i eit vertskommunesamarbeid. Kontrollutvalet har ansvar for å utøve det løpande tilsynet med verksemda til kommunen på vegne av kommunestyret. Tilsynsansvaret omfattar ikkje verksemd som går føre seg i ein annan kommune.

Kontrollutvalet i vertskommunen vil ha ansvaret for å føre løpande tilsyn med verksemda i vertskommunen etter dei vanlege reglane. At delar av verksemda dreier seg om saker der

mynde er delegert frå andre kommunar, bør ikkje endre på dette. Ettersom kontrollutvalet etter lova utøver tilsynet sitt på vegne av kommunestyret oppstår det likevel eit spørsmål i samband med det formelle ansvarsområdet til kontrollutvalet. Kommunestyret i vertskommunen har til ein viss grad ikkje høve til å gi instruksar i saker som er delegert frå andre kommunar. Formelt vil derfor myndet til kontrollutvalet vere tilsvarende avgrensa, sidan det får myndet sitt frå kommunestyret. Departementet legg likevel til grunn at dette ikkje vil innebere at myndet til kontrollutvalet i vertskommunen nødvendigvis må avgrensast tilsvarende. Kontrollutvalet skal i alle høve ikkje overprøve den politiske sida av vedtaka eller kor tenlege ulike vedtak er. Kontrollutvalet vil konsentrere seg om at lover, reglar og avtalar blir følgde. Dette ansvaret vil kontrollutvalet i vertskommunen kunne ha sjølv om kommunestyret i vertskommunen vil ha avgrensa mynde i saker som kjem frå andre kommunar. For å slå fast dette er det teke inn ei føresegn om dette i kommunelova § 28j.

Det kan vidare vere behov for at kontrollutvala i samarbeidskommunane får informasjon om vedtak i vertskommunen etter delegert myndighet. I samarbeidsavtalen skal det takast inn føresegner om informasjon frå vertskommunen til kvar einskild samarbeidskommune. Kontrollutvalet i samarbeidskommunane vil ha rett til den same informasjonen som den kommunen sjølv får. Kontrollutvalet i samarbeidskommunen vil ha tilgang til all dokumentasjon og all informasjon som samarbeidskommunen får.

Det er ikkje gitt spesielle reglar om revisjon for vertskommunesamarbeid. Det å inngå vertskommunesamarbeid inneber ikkje behov for endringar i regelverket om rekneskap for kvar einskild kommune. Revisjon av rekneskapa i dei aktuelle kommunane kan gjennomførast etter dei vanlege reglane.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon, kan det likevel vere tenleg at det blir etablert kontakt om samarbeid mellom deltakarkommunane dersom det skal gjennomførast forvaltningsrevisjon av sjølve vertskommunesamarbeidet.

## **1.8 OMFANGET AV INNSYNSRETEN**

Kommunelova § 80 seier ikkje noko om selskapskontroll med samarbeid etter kommunelova § 27. Kommunen har uavkorta innsyn så lenge samarbeidet ikkje er eige rettssubjekt. Heimelen i kommunelova § 27 blir framleis nytta til ulike type verksemder som er sjølvstendige rettssubjekt. Kommunelova § 80 gir heller ikkje rett til innsyn i stiftingar som kommunen har teke initiativ til eller er knytt til på annan måte, til dømes gjennom rett til å velje styremedlemmer.

## **KRAV TIL SELSKAPSKONTROLLEN**

Ein selskapskontroll må bygge på ei overordna analyse som igjen bygg på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Ei overordna analyse som skal vere overordna skal ikkje krevje store ressursar å få til.

Det bør det skaffast oversikt over:

- Kva bedrifter kommunen eig
- Korleis kommunen forvaltar eigarskapen i sine bedrifter
- Kor vesentleg er det enkelte selskap
- Kva for risiko er knytt til eigarskapen
- Kva selskap er aktuelle for kontroll

Når det gjeld vesentlegheit vil størrelsen på selskapa ha betydning. Men dersom kommunane ikkje har uttrykt tydelege mål med å eige så er det også vanskeleg å vurdere om måla er nådd og konsekvensane av at måla ikkje blir oppnådd. Måla skal gå fram av eigarskapsmeldingane. Det er ikkje utarbeidd eigarskapsmelding i Haram kommune.

Kontrollutvalsekretariatet er på noverande tidspunkt ikkje kjent med spesiell risiko i selskapa. Er risikoen i eit selskap vurdert som stor, kan det være aktuelt med ein forvaltningsrevisjon. Uansett er forvaltningsrevisjon eit unntakstilfelle og er særskilt krevjande. Det er pr. i dag i gang ein forvaltningsrevisjon i eit av selskapa. Mandatet skriv seg frå førre periode.

Å ha selskapskontroll i alle selskapa er ikkje føremålstenleg og ikkje i tråd med krava i forskriftene om at ein skal prioritere ut i frå risiko og vesentlegheit.

I praksis er det i kommunalt heileigde selskap det er mest realistisk med selskapskontroll. Størrelsen på kommunen sitt engasjement vil også være avgjerande. For dei heileigde kommunale selskapa der kommunen er medeigar saman med andre kommunar vil selskapskontrollen eventuelt skje i regi av kontorkommunen.

Det mest naturleg er å konsentrere seg om korleis kommunen følgjer opp dei store selskapa. Eventuell kommunal støtte til selskapa er også av interesse å få kartlagt.

Korleis kommunen forvaltar sitt eigarskap kan reknast som sjølve hovudproblemstillinga i selskapskontroll og det er det spørsmålet eigarskapskontrollen er meint å gi svar på. Ettersom kommunen ikkje har eigarskapsmelding, er det naturleg å avgrense selskapskontrollen til korleis kommunen fører tilsyn med opptrer som eigar.

På bakgrunn av ovanståande blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slik

#### **innstilling:**

Det blir utført ein kontroll av korleis kommunen ivaretok sine eigarinteresser, jf. også behovsvurdering for deltaking og eigarskap i sine selskap som følgje av kommunereformen.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Haram kommune

Dato: 21.11.2016

**SAK 11/16  
KONTROLLUTVAL/SEKRETARIAT, REVISJON OG KOMMUNE -  
STRUKTURREFORMEN**

Inndelingslova av 15. juni 2001 nr. 70 og forarbeida til denne Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) set dei lovmessige rammene for kommunesamanslåingsprosessen.  
Nedanfor vil eg liste opp nokre av dei forholda som er viktig å ha kunnskap om.

Inndelingslova har ikkje heimel til å etablere felles kontrollutval fram til ny kommune er etablert slik at eksisterande kontrollutval fungerer inntil ny kommune er etablert.

Inndelingslova § 25 føreset at fellesmøtet mellom dei aktuelle kommunestyra som fylkesmannen kallar inn til etter at det er gjort vedtak om samanslåing skal drøfte val av revisor for fellesnemnda. Val av revisor skal skje i dei respektive kommunestyra. Vanleg prosedyre er at kontrollutvala i kommunen innstiller i saka.

Fellesnemnda kan få fullmakt til å velje revisor i den nye kommunen. Kontrollutvala i dei samanslåande kommunane skal gi kvar si innstilling.

Når det gjeld folkevald kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den ligge til den enkelte kommune sitt kontrollutval. Dette går fram av Odelstingsproposisjonen nemnt ovanfor under pkt. 8.2.3.

Fellesnemnda kan få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon og kontrollutvalsekretariat. Kontrollutvala skal avgj innstilling i saker om val av sekretariatsordning. Til å utgreie ei slik sak bør det nyttaast eit settesekretariat.

Kontrollutvala bør etter at vedtak om samanslåing er gjort vurdere å endre fokus frå det å sjå bakover til eit meir «her og no» fokus. Det kan vere aktuelt å be rådmannen om hyppige orienteringar om prosessen. Kontrollutvala bør ha fokus på m.a. internkontroll, interkommunalt samarbeid og eigarstyring.

Eit spørsmål som må bli avklara er kva revisor skal uttale seg om i forhold til fellesnemnda sitt arbeid og kven revisor skal rapportere til. Det er ikkje gitt reglar om rekneskap for fellesnemndene og kva rekneskapen vil omfatte kan truleg variere ut frå korleis nemndene er

organisert. I følgje Odelstingsproposisjon bør den folkevalde kontrollen av fellesnemnda ligge til kvar kommune sitt kontrollutval og kopi av revisor si rapportering bør derfor gå til kontrollutvala.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon bør det bli vurdert kva som er mest relevant. Planen bør vere fleksibel og innretta på forhold som skjer i samanslåingsprosessen. Selskapskontrollen bør ha fokus på kvaliteten på kommunane si forvaltning av eigarskap samt behov for framtidig interkommunalt samarbeid.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i  
Haram kommune

Dato: 21.11.2016

**SAK 12/16  
EIGENVURDERING AV UAVHENGIGHEIT FRÅ REVISOR**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå kommunerevisor, datert 25.01.2016

I følgje forskrift om revisjon § 15, jf. kommunelova § 79, skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, utarbeide ei skriftleg eigenvurdering av si uavhengigheit til kontrollutvalet.

Krav til uavhengigheit og objektivitet gjeld også for oppdragsansvarleg revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som legg fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Oppdragsansvarleg revisor og medarbeidarar på oppdraget skal vere uavhengige. Dei kan ikkje ha ei tilknyting til kommunen som svekker deira uavhengigheit eller objektivitet i gjennomføringa av revisjonen. Dette medfører m.a. at dei ikkje kan:

- Inneha andre stillingar, eller vere medlem av styrande organ, hos kommunen eller verksemd som kommunen har økonomisk interesse i;
- «delta i eller ha funksjonar i» anna verksemd, dersom dette er i konflikt med rolla som revisor for kommunen.

Det blir elles vist til vedlagte erklæring punkt 1-8, som blir lagt fram for kontrollutvalet utan nærmare kommentarar.

På bakgrunn av ovanståande legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

## Til kontrollutvalget

### i Haram kommune

#### Vurdering av uavhengighet

##### Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgj en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Komrev3 IKS revisjonsplaner vil vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam inngå som et eget punkt i revisjonsplanen.

Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

##### Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i (fylkes)kommunen eller i virksomhet som (kommunen deltar i)
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som (fylkes)kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:

5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges, dvs. kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene

##### Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i revisjonsselskapet.</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>

Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til Haram kommune som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Haram kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i>  <i>Før slike tjenester utføres av Komrev3 IKS foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i>  <i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Haram kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontolloppgaver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller Komrev3 IKS for tiden opptrer som fullmektig for Haram kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Ålesund, 25. januar 2016

Kjetil Bjørnsen

Oppdragsansvarlig revisor Haram kommune

KOMMUNEREVISJONSDISTRIKT NR. 3  
I MORE OG ROMSDAL